



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Lindås kommune v/Kjell Bjørnevoll

Dykker ref.

**Sakshandsamar:**  
Benjamin Hicks

Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår ref.  
2008/2262 - 0 -  
17620/2010

**Telefon**  
56375000

Arkivkode:  
188/359

**Dato:**  
30.06.2010

*Delegert sak*

**Løyve til oppføring av tilbygg for aggregat - dispensasjon - gbnr 188/359 - Gjervik ytre.**

Vi viser til melding om tiltak, motteke 20.05.2010 og vedlagt:

- Teikningar.
- Situasjonsplan datert 2010.05.19.

Andre dokument:

- Søknad om dispensasjon fra Utvalssak nr. 132/10 (dele og byggeforbod), motteken 20.05.2010.

**Saksutgreiing/Vurdering**

Søknaden gjeld eit mindre tilbygg på Knarvik Sjukeheim for plassering av naudstrømsagggregat. Tilbygget vert på 16,8 m<sup>2</sup> BRA. Tiltaket er opplyst å vere særsviktig for Knarvik Sjukeheim.

Sakshandsaming.

Saka er sendt inn som melding. Dispensasjon er ikkje gjeve på førehand. Tiltaket er ikkje i samsvar med SAK § 3 og må såleis handsamast som søknad. I og med at søknad om dispensasjon ikkje er handsama i førekant vert saka endra til 1-trinnssak.

Fritak for nabovarsling.

Det er bedt om fritak frå nabovarsling, då tilstøytande nabogrenser til Knarvik Sjukeheim også tilhører Lindås kommune.

Det vert gjeve fritak for nabovarsling då tiltaket ikkje rører ved naboar sine interesser, jf pbl § 94 nr. 3.

Dispensasjon.

Det ligg føre søknad om dispensasjon datert 19.05.2010.

Det er søkt om unntak frå dele- og byggeforbodet vedteke av plan- og miljøutvalet i utvalssak nr. 132/10.

I samsvar med pbl § 19-2 kan dispensasjon ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, eller omsyna i lova si formålsparagraf, blir vesentleg tilsedesett. I tillegg må fordela ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Omsyna bak dele- og byggeforbodet blir ikkje vesentleg tilsedesett då byggearbeida er ansett av lite betydning for planarbeidet. Vurderinga av det aktuelle byggearbeidet er at det ikke vil vanskelig gjøre planarbeidet innanfor plangrensa til områdeplan Knarvik sentrum og fordala ved å gi dispensasjon vert då rekna for å vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.



Plan- og miljøutvalet har gjeve administrasjonen fullmakt til å gjere vedtak om dispensasjon i denne saka.

Kommunen har ingen merknader og rår til at det vert gjeve dispensasjon på grunnlag av at tiltaket vil ikkje få konsekvensar for det pågående planarbeidet.

Gebyr

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. småsak	6.000,-
C 3.2. Dispensasjon C3.2.	5.200,-
<b>SUM</b>	<b>11.200,-</b>

Ansvarsrett – fritak for ansvar og kontroll.

Tiltaket stettar i utgangspunkt krava til melding. Kommunen finn at det ikkje er naudsynt med ansvarsrett. Det vert difor gjeve fritak for ansvar og kontroll jf. SAK §§ 13 og 27.

**Vedtak:**

Med heimel i Plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegne slik at tiltaket kan verte oppført.

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles og på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 20.05.2010.
- Det vert gjeve fritak for ansvar og kontroll jf. SAK §§ 13 og 27.
- Det vert gjeve fritak for nabovarsling.
- I samsvar med Pbl. § 77.1., er De som tiltakshavar, ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Som tiltakshavar må De melda frå til areal- og miljøavdelinga når arbeidet vert starta opp og når det vert avslutta.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Benjamin Hicks  
rådgjevar